

# Gratis klima- og energirådgiving til bustadeigarar

Stranda kommune har i ein avgrensa periode tilbydd gratis klima- og energirådgiving til innbyggjarane.

Rådgivinga skal medverke til at bustadeigarar brukar energi meir effektivt og klimavenleg, og i større grad brukar lokale fornyelege energikjelder som til dømes solenergi. I tillegg skal bustadeigarar få gode råd om ladeløysingar for elbil og støtteordningar.

– Tilbodet er ein del av arbeidet til kommunen med klima og energi. Vi skal medverke til kunnskapsbygging og legge til rette for at innbyggjarar skal kunne ta klimavenlege val, seier næringssjef Inge Bjørdal i Stranda kommune.

## Tilbodet omfattar

- Energianalyse av bustaden din på nett. [Søk opp bustaden din på energiportalen.no](https://stranda.energiportalen.no).
- Digital synfaring med energirådgjevar. [Registrer deg for rådgivingstime](#). **Tilbodet er no avslutta**.

## Gratis og uforpliktande klima- og energirådgiving

Stranda kommune har over ein periode gjennomført ein klima- og energirådgivingskampanje retta mot hushald. Føremålet har vore å motivere bustadeigarar til å redusere energibruken i eigen bustad og ta klimavenlege val. Kampanjen er nettbasert gjennom bruk av energiportalen.no og tilbod om digital synfaring med ein objektiv energirådgivar. Du kan mellom anna få råd om:

- Elbillading
- Etterisolering av vegger og tak
- Utsifting av vindauge og dører
- Installering av varmpumpe eller solceller
- Smart styring
- Alternative energikjelder
- Støtteordningar frå Enova

## Energianalyse på nett

Verktøyet Energiportalen gjer det mogleg med objektiv nettbasert energianalyse av bustaden din. Gå til <https://stranda.energiportalen.no> og søk opp bustaden din. Du får rettleiing til korleis dette kan gjerast. Denne delen av tilbodet står framleis ved lag.

## Synfaring med energirådgjevar

Denne delen av tilbodet er no avslutta.

Kampanjen er finansiert av Møre og Romsdal fylkeskommune og vert levert i samarbeid med kommunane i fylket. Tenestene og rådgjevinga er levert av Simenergi AS og EEFY AS.